



# Korleis skal vi realisere potensialet for grøn vekst i Indre Vestland?

Dato: 8.12.2021

Tidspunkt: 17:00-19:00

Stad: Voss Kulturhus

Påmelding: <https://vlfk.pameldingssystem.no/lansering-indre-vestland-rapporten-gron-region-vestland>

Velkommen til lanseringa av Grøn region Indre Vestland!

Fleire hundre næringslivsfolk, kommunar og andre vestlendingar med framtidstru har det siste halvåret bidrige til kartlegginga av meir enn 250 grøne innovasjonsprosjekt i fylket vårt. Potensialet for utsleppskutt, verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar er stort, også i Indre Vestland.

Fleire prosjekt og konsept frå Indre Vestland er vurdert å vere av ein sånn storleik og viktigkeit at dei vert trekte fram som kritiske for heile fylket. Vi vil gjerne fortelje deg meir om dette og få deg med på vegen mot det grøne skiftet i Indre Vestland og resten av fylket.

Som det første fylket i landet, laga Vestland ei eigen scenarioanalyse for næringslivet i møte med det grøne skifte hausten 2020. I år har vi følgt opp dette i prosjektet Grøn region Vestland, og kan no legge fram ei omfattande kartlegging av grøne initiativ i fylket saman med klare tilrådingar om prioriteringar, tiltak og kampar vi må vinne for å lukkast med desse.

Den 8. desember inviterer vi saman med partnarar i regionen til presentasjon av hovudrapporten *Vestlandsporteføljen* og *Grøn region Indre Vestland*, som syner status for Indre Vestland med tanke på grøn verdiskaping, behov for omstilling og innovasjon, dei grøne verdikjedane, og kva som skal til for å lukkast. Rapportane er utarbeidd av EY i tett samarbeid med fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, regionråd og kommunar i Indre Vestland.

I tillegg til presentasjon av kunnskapsgrunnlaget, vil vi invitere til ein brei samtale med interessentar i offentleg sektor, akademia, forskingsmiljø, næringslivet og befolkninga elles om korleis vi skal jobbe saman for å realisere potensialet for grøn vekst i Indre Vestland og resten av fylket.

Meld deg på her: <https://vlfk.pameldingssystem.no/lansering-indre-vestland-rapporten-gron-region-vestland>

Program og meir informasjon om prosjektet: <https://www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/gron-vekst/gron-region-vestland/>

Følg oss på Facebook: <https://www.facebook.com/gronregionvestland>

Spørsmål? Kontakt prosjektleiar Lasse Kolbjørn Anke Hansen. Epost: lasse.hansen@vlfk.no, telefon: 99 22 84 58.



Vestland  
fylkeskommune



Innovasjon  
Noreg